Stad kommune
Helse og omsorg

Vår ref:	Dykkar ref.	Dato:
Sak: 20/1925 JpID: 20/6877 Sbh: BAL		13.03.2020

Korona - informasjon til tilsette i Helse og omsorg

Informasjonen i dette skrivet blir gjeve i dag, fredag 13.03.20 kl. 15.30, og gjeld inntil ny informasjon blir gjeve.

I dag tidleg vart det sendt ut eit skriv til heimane om at barnehagar og skular blir stengt. Dette skrivet ligg også på heimesida til Stad kommune.

Kritiske samfunnsfunksjonar:
Til barn av personell som jobbar i kritiske samfunnsfunksjonar vil kommunen gje eit omsorgstilbod både til barnehageborn og skuleelevar. Tilbodet vil vere i den barnehagen/skulen som dei høyrer til.

Rett til plass i eit omsorgstilbod gjeld for barnehageborn og elevar opp til og med 4. klasse.

Retten gjeld føresette der begge føresette har eit arbeid som har ein samfunnskritisk funksjon eller der ein eineforsørgjar har eit slikt arbeid, opp til og med 4. klasse.

Tilbodet gjeld for dei vanlege opningstidene i barnehagane og SFO/skule.

Denne retten gjeld også for barnehagebarn og elevar med særskilde omsorgsbehov.

Ta kontakt med din barnehage eller skule snarast råd om du/de har eit slikt behov, og tilbodet vil bli sett i verk straks.

Merknad frå kommunalsjef oppvekst og opplæring etter drøftingar med fylkesmannen:

Barnehagane og skulane må opne opp for å ta imot barn og skuleelevar viss ein vurderer dette som naudsynt for at tilsette skal få kome seg på jobb innanfor samfunnskritiske funksjonar. Dette kan i visse tilfelle vere nødvendig sjølv om berre den eine parten jobbar innanfor desse funksjonane.

Tilsette:
Innanfor helse og omsorg skal alle tilsette møte på jobb, så fremst ein ikkje har symptom på sjukdom. Det er sentrale føringar for at tilsette i Helse og omsorg har ei sentral rolle i beredskapen knytt til korona pandemien. I dei tilfeller der den eine tilsette jobbar i Helse og omsorg medan sambuar / ektefelle ikkje har arbeid knytt til dei 15 punkt som regjeringar har lista opp, så er det den tilsette som jobbar i Helse og omsorg må møte på arbeid. Ektefelle / sambuar må då forholde seg til nasjonale retningslinjer gjeldande kva rettigheiter ein har knytt til stenging av barnehage / skule.
Vi har forståelse for at mange opplev dette som problematisk, men dette er sentrale føringar og ei sikring av at Helse og omsorgsberedskapen ivaretakast etter beste evne.

Post- og besøksadresse	Telefon	Org.nr	E-post	Internett
Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid	57 88 58 00	921 060 157	post@stad.kommune.no	www.stad.kommune.no

Ved mistanke om symptom på eigen sjukdom viser underteikna til informasjonen som blir stadig oppdatert på Stad kommune si heimeside.

Eg veit at dette er utfordrande for alle partar, og eg/vi klarar ikkje å gje gode svar på alle spørsmåla som kjem. Det skjer endringar time for time og vi prøvar så godt så råd å oppdatere heimesida knytt til ny informasjon.

Eg er tilgjengeleg for einingsleiarane på telefon og e-post kontinuerlig.

Med venleg helsing

Barbro Longva
kommunalsjef helse og omsorg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 20/6877 dersom du tek kontakt med oss.